

Høyring av søknad om løyve til uttak av grunnvatn til Vaset vassverk i Vestre Slidre

NVE har fått ein søknad frå Vestre Slidre kommune om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn frå Langeøddin ved Vasetvatnet. Vassuttaket skal vere frå tre lausmassebrønnar på søraustsida av Røvshalåni, og det er planlagt eit gjennomsnittleg uttak på 4 l/s. Ein sjøleidning vil føre vatnet frå brønnområdet til Vaset vassverk. Søknaden med vedlegg er lagt ut på NVE sine nettsider www.nvo.no/9792/V.

Alle som har meiningar om saka kan uttale seg. Fråsegn kan sendast oss elektronisk via nettsida, per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Energi- og konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo. Merk brev eller e-post med «Høyringsfråsegn 202520856». Frist for å sende fråsegn er **19.02.2026**.